

## Årsmelding for Giske Rotaryklubb 2015-2016

President:	Elisabet Sundgot
Sekretær:	Ludvig Kåre Øyen
Kasserer:	Kjetil Molnes
Past president:	Oddvin Remme
Innkommende president:	Inger Marie Seth
Styremedlem:	Thorvald Skogheim

### Komitéeer:

<p><b>* Klubbadministrasjon / Styre og programkomiteen</b></p> <p>Elisabet Sundgot – president Ludvig Kåre Øyen – sekretær Thorvald Skogheim- programkoordinator Inger Marie Seth – TRF/ ungdomsteneste Olger Arne Synnes – serviceprosjekt Hans Olav Gjendem- medlemskapsutvikl. Kjetil Molnes – kasserer Oddvin Remme</p>	<p><b>Rotary Founddation + ungdomstenesta</b></p> <p><b><u>Inger Marie Seth - leiar</u></b> Svein Kobbenes Hans Oksnes Fred Loe Severin Haugen Georg Pantelatos Anette Uggedal Terje Austnes</p>
<p><b>Medlemskap/medlemskapsutvikling</b></p> <p><b><u>Hans Olav Gjendem- leiar</u></b> Margrethe Giskegjerde Høybakk Arnt Dahle Ninni Roland Nordstrand Ole Strand Andreas O Rørvik Kjellaug Raknes Liset Ivar Isene Arvid Giskeødegård</p>	<p><b>Serviceprosjekt</b></p> <p><b><u>Olger Arne Synnes - leiar</u></b> Egil Synes Kårstein Synes Sverre Ola Roald Rolf Synnes Kari Løken Marit Vik Hallvard Skjong</p>
<p><b>PR/informasjon</b></p> <p>Gunnar Kvalsund - Mediakontakt Ludvig Kåre Øyen- WEB ansvarlig</p>	<p>Ikke dedikerte til komiteer: Jens Fylling</p>

\*\*Presidenten valte å la klubbadministrasjonen/ programkomitten bestå av styret pluss leiarane av dei ulike komiteene. Tanken bak dette var at komiteeleiarane skulle få større mulighet /påverking blant anna med program frå sine komiteer.

## Styremøter

Styret har hatt 3 styremøte dette rotary året og klubbens årsmøte. Av viktige saker bør det nemnast at klubben på årsmøtet gikk in for å auke den årlege kontigenten med kr. 800 , til totalt 2400. Fokus dette rotaryåret var å arrangere ”tidenes beste Distriktskonferanse i Ålesund i slutten av september 2016. Vi reiste ein heil delegasjon til Distriktskonferansen på Hamar hausten 2015 for å sjå og lære.

Klubben hadde besøk av distriktsguvernør Odd Jarle Hagen med si Ragnhild Kleppe og den vesle hunden deira.

## Medlemmer

Målsettinga var å få eit høgare frammøte på møtekveldane torsdag kl.20.00-21.00. Dette lykkast vi med og det var godt frammøte gjennom heile året. Målsetting nr. 2 var å ikkje miste nokon medlem, men beholde alle inklusiv dei nye medlemmane som hadde komt til på slutten av forge rotaryår. Ved Rotaryårets utgang var målet nådd med alle 32 medlemmene og av disse 8 kvinner.

## Rotary Summer Camp

Første oppdraget I det nye rotaryåret 2015-2016 var å motta ungdomer frå 10 forskjellige land. Klubben hadde flott velkomstfest på hotellet med nydeleg mat og flotte presentasjoner frå ungdomane. Det vart engasjert flotte utflukter, segltur til Ålesund med Oddvin og Inger Marie, utflukt til Skjonghellaren, Giskekyrkja, Speleplatsen og Alnes fyr. Grillkvelder heime hos Inger Marie og Oddvin, Bueskyting tilrettelagt av Olger Arne, leik og morro på Blimsanden, fjelltur til Signalen mm. Det var ein kjekk gjeng ungdomer . Spesielt takk til Inger Mari som var koordinator for det heile.

## Komitéarbeid

Det har vore et godt og tradisjonelt arbeid i komitéene også dette året. Dette året hadde vi hatt ekstra mykje jobbing ift at vi skulle forberede til å vere vertsklubb for komande Distriktskonferanse då innkommende guvernør for distrikt 1105 er Gunnar Kvalsund som tilhøyrrer Giske Rotaryklubb.

## Arbeidskomitee for Distriktskonferansen hausten 2016

Hausten 2015 vart det oppnemnt ei arbeidsgruppe som skulle jobbe med å arrangere Distriktskonferansen hausten 2016. Innkommende president Inger Marie Seth leda gruppa med fast og god hand. Det vart mange arbeidsmøter iløpet av hausten, våren og heilt fram til Distriktskonferansen 23.-25.september 2016. Dei forskjellige oppgåvene vart fordelt mellom medlemmane i arbeidskomiteen og alle tok ansvar og utførte sine oppgåver punkteleg, så derfor vart dette ei god oppleving for dei som var med i arbeidsgruppa og for heile klubben.

Med i arbeidsgruppa var Inger Marie Seth, Ludvig Kåre Øyen, Oddvin Remme, Kari Løken, Marit Vik, Hallvard Skjong, Margrethe Høybakk og Elisabet Sundgot. Gunnar Kvalsund, innkomende guvernør for distrikt 1105 møtte også på så mange møter han kunne og var aktiv deltakane i planleging av konferansen frå først til sist.

## RYLA

Giske Rotary sende Kathrine Synnes til RYLA konferansen hausten 2015.

## The David School

Giske Rotary støttar framleis arbeidet med The David School i Sierra Leone og har dette rotaryåret vedteke å støtte ein lærarskulestudent ved denne skulen.

## Aktivitetar

### Tradisjonelle aktivitetar og festar:

- Oppstart av rotaryåret ved Rotaryskiva på Signalen.
- Årets juleavslutning vart holdt i heimen til Kari og Gunnar. Koseleg kveld.
- Guvernørens besøk til klubben med herleg bacalao laga av Hans Olav Gjendem.
- Sommerfesten vart i år, som i fjor, arrangert hos Hans Petter Godø på Fløteløa. God oppslutning, godt vertskap og gode lokale.

### Dugnader

- Slått rundt Søndagsskulehuset på Roald, samt sommaravslutning ved Skjonghellaren og vurdering av dugnadsbehov.

### Gjestar/foredrag på klubbmøte

- Egoforedrag. Det var tre spennande ego foredrag iløpet av rotaryåret. Hallvard Skjong, Anette Uggedal og Terje Austnes.
- Vi hadde besøk av rådmannen i Giske, Marit Elisabeth Larssen som fortalde om sentumsutvikling på Valderøya.
- Bedriftsbesøk til Krogen Bil AS.
- Bedriftsbesøk til Tormod Grimstad Rederi.
- Besøk og omvisning i det nye klubbhuset til IL Valder ved Kåre Sæter.
- Besøk og omvisning på Kystmuseet ved Magne Godøy.
- Tore Roaldsnes holdt spennande foredrag om det nystarta firmaet "Nordic Wildfish"
- Adm direktør ved Fiskerstrand verft, Rolf Fiskerstrand holdt foredrag om "Krisa i den maritime klynga."
- Knut Sjøstad holdt foredrag om øl og ølbrygging.
- Vai Aung frå Burma besøkte oss og fortalde om "Burmas veg til demokrati" og om hjelpearbeidet ho og familien driv i Burma, bl.a bygging og drift av skuler.
- Besøk til Giske Folkebibliotek for å lære å låne e-bok.
- Kari Løken holdt foredrag om "Makt og påvirkning"
- Kjellaug Liset fortalde om boka ho har gitt ut "40 år med sykepleieutdanning i Ålesund".
- Kathrine Synnes kom og fortalde om si deltaking på RYLA.
- Klippfiskens historie ved Hans Olav Gjendem
- Terje Austnes fortalde om "Skolen i endring"
- Flyktnings situasjonen og utfordringer v/Flyktningskonsulenten Joanna Grimstad.
- Andre Sjøvåg fortalde om sitt opphold i Israel og møte med palestinere.
- Elisabet Sundgot holdt foredrag om "NAV – ein nyttig samarbeidspartner" .
- Kari Løken hadde fleire innlegg der ho og Gunnar delte med klubben det dei fekk vere med på under forberedelse til Gunnar Kvalsund sin periode som Distriktsguvernør for rotaryåret 2016-2017.
- Møte på Høyskolen i Ålesund i regi av Ålesund Øst Rotaryklubb. Direktør Jarle Roth i Eksportkreditt holdt foredrag om "Eksportkreditt og den maritime klynga."
- Besøk til Devoldfabrikken arrangert av Sula Rotary.
- Møte i Ålesund om "Kommunereformen".

### Klubbmøte elles

På presidentens kveld var det ofte eit rotarytema med relasjon til verdenspresidentens motto "Be a gift to the world". Det var også kvelder med diskusjon og informasjon og oppdatering omkring den komande distriktskonferansen hausten 2016. Heile klubbens involvering var viktig.

## Nye møtelokaler for Giske Rotaryklubb.

Årsmøtet i Giske Rotaryklubb (avholdt 3.12.15) gav styret fullmakt til å vurdere nye møtelokaler. Dette er eit tema som har vore oppe til diskusjon mange gonger gjennom ein par år. Giske Rotaryklubb har hatt sine faste møter på Giske Frivilligsentral i ein god del år. På styremøtet i februar 2016 vart det avgjort at vi ville legge møta våre til Valderøy nye barneskule. Etter avtale med rektor der tok vi lokal i bruk frå april 2016. Vi betaler ei symbolsk leige på kr.400 pr. år.

## Andre viktige tilstelninger i Rotary.

Klubbens styremedlemmer har deltatt på ulike arrangementer som Distriktskonferanse i Hamar, Pets arrangement og ulike samarbeidsmøter.

Valderøya 21.11.2016

President 2015-2016, Giske Rotaryklubb

Elisabet Sundgot